



Bergen, 25.10.2023

Vår ref.: 2667

NOTAT OM LOVLEGHEITSKLAGE OVER VEDTAKET I HJARTDAL KOMMUNESTYRE OM SKRIFTSPRÅK VED SAULAND SKULE

Vi viser til den juridiske vurderinga HLT Advokatfirma AS gjorde av saksførebuinga og vedtaket i denne saka i brev dagsett 11. september 2023 til Noregs mållag. Den juridiske vurderinga vart send inn til Hjartdal kommune 27. september 2023 som nytt saksdokument til tidlegare innsend lovlegheitsklage frå fem kommunestyrerepresentantar, saman med ei tidsline som viser saksgangen etter vedtaket.

No har vi fått opplyst at saksdokumentet ikkje vart journalført då det kom inn, men at det skjedde først etter ny førespurnad/purring 16. oktober 2023. Servicekontoret vedgjekk at det var eit avvik, og sa seg på vegner av kommunen lei for det. Samstundes opplyste dei at grunnen til avviket var at saksdokumenta i staden hadde lege hos sakshandsamar, som er kommunedirektøren.

Etter purring vart saka endeleg journalført, men kommunedirektøren sende då brev den 17. oktober 2023 med opplysning om at saksdokumenta vert nekta sakshandsama og utsendt som saksdokument til kommunestyret. Ordførar Bengt Halvard Odden var einaste kopimottakar.

Her føreligg fleire lovstridige handlingar.

Plikta til journalføring følgjer av offentleglova § 10 («Organet skal føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter»). Det er fastslått av Sivilombodet at reglane i arkivforskrifta inneber at det skal førast journal «fortløpende og så raskt som mulig» (sjå t.d. sak SOM-2020-1047), og i lovkommentaren¹ at «Det er etter vårt syn naturlig å kreve at journalføring skjer samme dag eller senest innen fire påfølgende virkedager.» For fullstendigheits skuld nemner vi at brot på reglane i arkivforskrifta kan straffast med bøter etter arkivlova § 22.

I beste fall føreligg lovbro i form av forseinka journalføring. I verste fall føreligg i tillegg forsøk på å unndra dokumenta journalføring.

Innhaldet i kommunedirektørens brev 17. oktober er å hindra at dei ettersende saksdokumenta vert del av sakshandsaminga av lovlegheitsklagen frå dei fem kommunestyrerepresentantane. Men det er i strid med kommunelova.

¹ Kristian Brandt mfl., Offentleglova. Lovkommentar, Universitetsforlaget, 2018 s. 177, Juridika (kopiert 25. oktober 2023)
<https://juridika.no/fagbok/offentleglova/1/dokument#5naar-skal-dokumentet-journalfores?>



Saka om lovlegheitsklage er sterkt forseinka ført opp på saklista til førstkomande kommunestyremøte, etter det vi får opplyst. Kommunelova bestemmer i § 11-3 at «Innkallingen skal inneholde en liste over de sakene som skal behandles, og dokumentene i sakene.» Kva som er saka er i dette tilfellet definert av lovlegheitsklagen. Etter kommunelova § 27-3 skal det påklaa vedtaket handsamast, og det er presisert i andre ledd at saka i alle fall skal omfatta «de anførsler som er tatt opp i saken», altså «de forholdene som er påberopt av kommunestyre- eller fylkestingsmedlemmene som har fremsatt kravet om lovliggjøring»².

Det er altså lovlegheitsklagen og klagaren som definerer sakas innhold. Alle saksdokument om forhold ved saka sendt inn på vegner av lovlegheitsklagarane er dermed dokument i saka, som skal sendast ut og handsamast etter kommunelova § 11-3, sitert ovanfor. Ordlyden var ny i gjeldande kommunelov frå 2018, og utgjer «et ubetinget rettslig krav til innkallingen. Det gjelder ikke bare der dokumenter først blir delt ut i møte, men også der slike har blitt ettersendt etter at innkallingen gikk ut.»³

Vår juridiske vurdering av 11. september 2023 om saka påviser mange feil i saksførebuinga fram mot vedtaket kommunestyret gjorde i skulespråksaka 26. april 2023. Det er der m.a. påvist sakshandsamingsfeil, feil faktaopplysningar, skeiv skjønnsutøving og feilframstilling av sentrale reglar i opplæringslova, og konkludert at feila kan ha verka inn på utfallet av saka og at vedtaket dermed er ugyldig.

Det er vanskeleg å sjå at dei lovstridige handlingane frå administrasjonen si side ved journalføringa og forsøket på å hindra saksdokumenta handsama i saka om lovleggjøringa ikkje er bevisste forsøk på unngå at kommunestyret må ta inn over seg feila i saka.

Med venleg helsing
HLT Advokatfirma AS

A blue ink signature of Steinulf Tungesvik.

Steinulf Tungesvik
Advokat/Partner

E: st@hltlaw.no
T: +47 91 80 56 20

² Kjelde: Note 1464 til kommunelova i Norsk Lovkommentar, ved prof. Jan Fridthjof Bernt. Noten sist hovudrev. 04.09.2023.

³ Kjelde: Note 692 til kommunelova i Norsk Lovkommentar, ved prof. Jan Fridthjof Bernt. Noten sist hovudrev. 04.09.2023.